

Denne saka er handsama av bygningsjefen i samsvar med myndigheit delegert frå bygningsrådet. Delegasjonen er etter § 14 nr. 2 i bygningslova og er godkjend av kommunaldepartementet den 5/1-77.

BYGNINGSSJEFEN I LINDÅS, 5100 ISDALSTØ		Lindås Rådhus	Dato	01.12.88
Sakshandsamar		Chr. 188, bnr. 588	SAK NR. D-186/88	
Fauske		Gjervik Ytre tomt 38		
Byggherre/meldar	Kari Thomassen/ Arild Stangeland		Adr. Lurabekken 13, 4300 STAVANGER	
Saka gjeld				
Byggem. bustad /kjellarhusvære, garasje - nybygg				

## Vedlegg:

Søknad om byggjeløyve dat. 09.11.88  
kvittering for nabovarsel  
situasjonskart i M= 1:1000  
teikningar i M= 1: 100  
Søknad om ansvarsrett

## VEDTAK:

Søknaden om byggjeløyve vert godkjend i samsvar med teikningar og utgreiingar og på følgjande vilkår:

1. Bygningssjefen skal avgjera den nøyaktige plasseringa av bygningen og høgd på topp grunnmur. (F 14:21)
2. Eigedomen (bygget) skal knytast til offentleg leidningsnett. I samsvar med sanitærreglementet for Lindås kommune skal søknad om tilknytning og melding om utføring sendast til teknisk kontor på særskilt skjema vedlagt turvande planar.
3. Eigaren av eigedomen skal innordna seg reguleringsføresegnene tilknytt reguleringsplanen.
4. Det skal sendast inn søknad om ansvarsrett for grunn- og betongarbeidet. (§ 98)
5. I samsvar med § 93 jfr. § 95 i plan- og bygningslova vert det ikkje tillete igangsett arbeid før det er gjeve byggjeløyve eller graveløyve. Bygningssjefen får fullmakt til å gje byggjeløyve når vilkåra i vedtaket er stetta.

Bygningssjefen godkjenner Nils Markussen som ansvarshavande for tømmerarbeidet (§ 98)

Oppføring av forstøtningsmur skal godkjennast av bygningsrådet/bygningssjefen etter søknad, jfr. § 84 i plan- og bygningslova. Oppføring av innhegning mot veg skal meldast til bygningsrådet i samsvar med § 86a i lova, jfr. byggjeforskriftene kap. 15.

Ved feiing frå tak må det monterast fast stige eller trinn i taktekinga i samsvar med forskriftene til brannlova § 7. Ta kontakt med feiaren eller bygningskontrolløren for nærare utgreiing.

FOR BYGNINGSSJEFEN

*Angy Pallauk*

Utskrift sendt til

Kari Thomassen/ Arild Stangeland  
Nils Markussen